

Høyringsuttale

Innleiing
<i>Uttale blir gjeven</i>

Innsendar
<i>Namn</i> Nina Johanne Eide
<i>Adresse</i> Dyrhovden 38A
<i>Postnummer</i> 5993
<i>Poststad</i> OSTEREIDET
<i>Telefon</i> 90896427
<i>Epost</i> nina.johanne.eide@alver.kommune.no

Høyringsuttale

Uttale
<i>Kva høyringssak gjeld uttala?</i> <input checked="" type="radio"/> Kulturplan 2023 - 2035

Gje uttale til saka her (eller du kan leggje ved)

"Osterhallen, vår draum - ein hall for alle"

Osterhallen og det sterke ynsket om den blant innbyggjarane i Ostereidet ungdomsskulekrins bør vere velkjent for dei fleste av politikarane og administrasjonen i Alver kommune.

Argumentasjonen for å få den på plass snarast, bør også vere velkjent.

Ostereidet skal vere eit lokalsenter og jamstilt med dei andre lokalsentra i kommunen. Per i dag er det ikkje slik. Me har eit gammalt gymbygg, og me er heldige som har eit basseng.

Samstundes er det svært mange brukarar av desse bygga. Skulane Ostereidet bsk, Ostereidet usk, Kløvheim, Leiknes, Eikanger, Myking og Lindås er brukarar av bygget på dagtid. Dette fører til mangel på garderobar og ventetid for elevar som skal i bassenget eller i gymsalen, og der det blir gitt anna undervisning i «foajeen» (som er eit for pent namn på rommet).

Ostereidet ungdomsskulekrins femner om eit stort geografisk område som involverer mykje køyring til aktivitetar, og me opplever at Eikanger idrettslag ikkje kan gje gode nok tilbod til barn og unge grunna manglande fasilitetar, og at desse då må reise til Knarvik/Alversund. Dette fører igjen til at barn og unge sluttar å vere fysisk aktive fordi det kostar både tid og pengar å reise til Knarvik/Alversund. Det er som kjent nokre bompengar som skal betalast på vegen.

Me ynskjer ein hall som kan femne om både idrett og kultur, at det kan vere ein møteplass for unge og gamle.

Men dette veit de, - det er blitt sagt og lagt fram mange gonger, - på folkemøte, dialogmøte, møte med politiske parti, møte med kommunedirektøren, møte med tidlegare ordførar og så vidare. Og slik går no møta og åra.....

Folkehelse i heile kommunen var eit tidlegare slagord for Lindås/Alver kommune, og eg reknar med at det framleis er målet. Me kan og skal ikkje alle bu i Knarvik/Alversund/Frekhaug-områda, og eg håpar at tankane kan vere å byggje opp Ostereidet, gjere det til ein attraktiv stad å bu, ikkje byggje området ned.

Last opp vedlegg (om du vil)

Osterhallen, innspel.docx